



NRK

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/1562 - 17/9505

Saksbehandlar:  
Sveinung Kvamme  
sveinung.kvamme@radoy.kommune.no

Dato:  
25.07.2017

## Svar på krav om innsyn - eigedomsskatt

Vi viser til motteke krav om innsyn, motteke hos oss 26.6.2017. Underteikna har vore på ferie i fire veker, og har først fått sett dette kravet no.

Radøy kommune innførte eigedomsskatt for alle eigedomar frå 1.1.2009. Frå før hadde kommunen eigedomsskatt på verk og bruk. Det vart i samband med utvidinga tilsett eigen prosjektkonsulent. Det vart utarbeidd egne retningslinjer for takseringa, som vart godkjent av kommunestyret.

Takseringsarbeidet vart utført av ein del prosjekttilsette, som fekk opplæring i taksering. Nokre få, «større» objekt vart taksert av eksternt takstfirma.

Dei seinare åra har KS eigedomsskatteforum, der Radøy kommune er medlem, vore rådgjevar i den grad vi har hatt trong for ekstern bistand kring årleg taksering eller klagehandsaming.

Vedlagt følgjer siste utleggsliste i Excel-format.

Med helsing

Sveinung Kvamme  
Økonomisjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

SkattelisteOffentligEttersyn\_20170725\_1140

**Mottakarar:**  
NRK